

VELSIGNING AV HUS OG HEIM

- 1 Denne liturgien kan nyttast når folk bed presten eller ein annan kyrkjeleg medarbeidar om å kome og velsigne heimen deira når dei flyttar inn eller ved eit anna høve. Liturgien kan også nyttast på arbeidsplassar eller liknande, der det er ønskje om det. Det er ein føresetnad at dei som bur i eller nyttar huset er til stades under handlinga.
- 2 Dersom presten eller ein annan kyrkjeleg medarbeidar blir beden om å kome til hus der ein opplever at det er uroleg, utrygt eller at det skjer noko som er vanskeleg å forklare, kan denne liturgien også nyttast. Det er ein føresetnad at den som utfører handlinga har hatt ein samtale med dei som bed om forbøn.
- 3 Vigsla medarbeidarar kan bruke liturgisk drakt eller tenesteskjorte under handlinga.
- 4) Salmeforslag: Vår Gud han er så fast ei borg (NoS 296, N13 108); Herre, signe du og råde (NoS 600, N13 625); Mektigste Kriste (NoS 528, N13 522); I dine hender, Fader blid (NoS 596, N13 409); Velt all din veg og vande (NoS 461, N13 464); Ingen er så trygg på ferda (NoS 488, N13 488); La oss vandre i lyset (NoS 871, N13 431); Jeg er i Herrens hender (NoS 497, N13 494); Å, for djup i Jesu kjærleik (NoS 494, N13 703); Velsignet er det hjem for visst (NoS 746, ikkje med i N13); Jesus, lyft ditt ljose merke (NoS 109, N13 115); Sørg for meg, min Fader, du (NoS 304, N13 310); Til himlene rekker din miskunnhet (NoS 307, N13 312); Alt står i Guds faderhånd (NoS 308, N13 314); Gud, lær meg å se (S97 51, N13 326); Det er Guds englers dag (N13 260); Som når et barn kommer hjem (S97 55, N13 325), Du omgir meg (S97 49, N13 498), Deg å få skode (NoS 479, N13 482).

1 Salme

Salmen kan utelatast.

2 Innleiing

L: I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande: Fred vere med dette huset og *alle/ho/han* som høyrer til her. †

Eller

L: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.
†

Etter innleiingsordet kan alle som er til stades svare «Amen» og/eller teikne seg med krossteiknet.

L: Vi er samla for å be om velsigning over denne *heimen/dette huset* og alle som høyrer til her, så dei kan *bu/leve/arbeide* i tryggleik, glede og fred.

L: Enten:

Ein god heim/eit godt hus er prega av Jesu sinnelag. Jesus seier: «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» **Matt 18,20**

L: Eller:

Vi vil overgje *denne heimen/dette huset* og dykk alle til Guds omsorg og vern. Jesus seier: «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» **Matt 18,20**

3 Skriftlesing

Den som leiar handlinga, eller nokon som høyrer til i huset, les ei eller fleire av desse tekstane. Også andre høvelege bibelord kan nyttast, gjerne ei av tekstane for søndagen.

L: Alle ting blir helga ved Guds ord og bøn. Lat oss høyra Guds ord:

Enten A

Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.
Han lèt meg liggja i grønne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.

Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar
for sitt namn skuld.

Om eg så går i dødsskuggens dal,
er eg ikkje redd for noko vondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
dei trøystar meg.

Du dukar bord for meg
framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje.
Mitt beger renn over.

Berre godleik og miskunn
skal følgja meg alle mine dagar,
og eg ska bu i Herrens hus
gjennom alle tider. (Salme 23)

Eller B

Herre, eg søker tilflukt hos deg,
lat meg aldri bli til skamme!
Fri meg ut i di rettferd!
Vend øyret til meg,
skund deg og redd meg!
Ver meg eit vern og eit berg,
ei borg til frelse!
Du er mitt fjell og mi borg;
for ditt namn skuld fører og leier du meg.
Løys meg or garnet dei har spent ut for meg!
For du er mi tilflukt.
I dine hender gjev eg mi ånd;
du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud. (Salme 31,1-6)

Eller C

Gud er vår tilflukt og styrke,
ei hjelp i naud og alltid nær.
Difor reddast vi ikkje når jorda skakar,
når fjella vaklar i havsens djup.
Herren Sebaot er med oss,
Jakobs Gud er vår faste borg. (Salme 46,1-3.12)

Eller D

Eg lyfter auga mine til fjella.
Kvar kjem mi hjelp ifrå?
Mi hjelp kjem frå Herren,
som har skapt himmel og jord.
Han vil ikkje la foten din vakla,
din vaktar vil ikkje blunda!
Sjå, han blundar ikkje og søv ikkje,
Israels vaktar.
Herren er din vaktar,

Herren er din skugge
ved di høgre hand.
Sola skal ikkje skada deg om dagen,
heller ikkje månen om natta.
Herren skal vara deg frå alt vondt.
Han skal verna om ditt liv.
Herren skal vara din utgang og din inngang
frå no og til evig tid. (Salme 121)

Eller E

Dersom Herren ikkje bygger huset,
arbeider bygningsmennene fåfengt.
Dersom Herren ikkje vaktar byen,
vaker vaktmannen fåfengt. (Salme 127,1)

Eller F

Men når de kjem inn i eit hus, skal de først seia: «Fred vere med denne heimen!» Om der bur eit fredens menneske, skal freden dykkar kvila over han. Dersom ikkje, skal freden venda attende til dykk sjølve. Når de kjem inn i ein by og dei tek imot dykk, så et det dei set fram for dykk! Læk dei sjuke der og sei: «Guds rike er kome nær til dykk!» (Luk 10,5-6.8-9)

Eller G

Medan dei var på veg, kom Jesus til ein landsby, og ei kvinne som heitte Marta, tok imot han i heimen sin. Ho hadde ei syster som heitte Maria, og Maria sette seg ved Herrens føter og lydde på orda hans. Men Marta hadde det så travelt med alt ho skulle stella til. Og ho gjekk bort til dei og sa: «Herre, bryr du deg ikkje om at syster mi lèt meg vera tenar åleine? Sei til henne at ho skal hjelpa meg.» Då svara Herren: «Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting. Men det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne.»
Luk 10,38-42

Eller H

Så kom Jesus til Jeriko og drog gjennom byen. Der var det ein mann som heitte Sakkeus; han var overtollar og svært rik. Han ville gjerne sjå kven

Jesus var, men kunne ikkje koma til for folkemengda, for han var liten av vekst. Difor sprang han i førevegen og klatra opp i eit morbærtre så han kunne få sjå han, for der kom han til å gå forbi. Då Jesus kom dit, såg han opp og sa til han: «Sakkeus, skund deg og kom ned! For i dag må eg ta inn i ditt hus.» Då skunda han seg ned og tok imot Jesus med glede. Men alle som såg det, murra og sa: «Han har teke inn hos ein syndig mann.» Men Sakkeus steig fram og sa til Herren: «Herre, halvparten av alt eg eig, gjev eg til dei fattige, og har eg truga pengar frå nokon, gjev eg fire gonger så mykje tilbake.» Då sa Jesus til han: «I dag er frelse komen til dette huset. For han er òg ein Abrahams son. For Menneskesonen er komen for å leita etter dei bortkomne og berga dei.» (Luk 19,1-10)

Eller I

Då dei kom bort imot den landsbyen dei skulle til, gjorde han som han ville gå vidare. Men dei bad han inntrengjande og sa: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» Då gjekk han inn og gav seg til hos dei. Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei. Då vart auga deira opna, og dei kjende han att. (Luk 24,28-31)

Eller J

Dagen etter stod igjen Johannes der med to av læresveinane sine. Då Jesus kom gåande, såg Johannes på han og sa: «Sjå, Guds lam!» Dei to læresveinane høyrde kva han sa og følgde etter Jesus. Jesus snudde seg, og då han såg at dei følgde etter, sa han: «Kva leitar de etter?» Dei spurde: «Rabbi», – det tyder «lærer» – «kvar bur du?» «Kom og sjå», svara Jesus. Så gjekk dei med han og såg kvar han budde, og dei vart verande hos han den dagen. Det var omkring den tiande timen. (Joh 1,35-39)

Eller K

Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» (Joh 20,19-21)

Eller L

For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.

(Rom 8, 38-39)

Eller M

Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk! Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær. Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus. Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det! Det som de har lært, og det de har teke imot, det de har sett og det de har høyrte av meg, gjer alt dette – og fredens Gud skal vera med dykk. (Fil 4,4-9)

Eller N

De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og over alt dette: Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkomen. Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far.

(Kol 3,12-14.16-17)

4 Salme

Salmen kan utelatast.

5 Kort tale

Her kan det følgje ein kort tale.

6 Truvedkjenning

Her kan ein seie fram truvedkjenninga, eventuelt også med forsakinga.

L: Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi er døypte til:

A: Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Og/eller:

(L: Lat oss vedkjennast vår heilage tru)

A: Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.

7 Bøn

L: Lat oss be:

L: Gode Gud, vi takkar deg for di omsorg mot oss. Alle ting har sitt opphav i deg og du har gjeve oss alt vi treng for å leve. Vi bed for *denne heimen/dette huset (e.l.)* og for alle som høyrer til her (*namn kan nemnast*). Skap rom for glede og fellesskap, for tru og håp og vara heimen frå frykt og fare. Vi bed i Jesu namn. Amen.

Eller

L: Gud, vår Far, vi takkar deg for *denne heimen/dette huset (e. l.)* og vi bed deg: Vern *heimen/huset* mot uro og fare. Ver nær hjå *dei som /bur her (namn kan nemnast)/går inn og ut av dette huset*. Gje dei evne og vilje til å støtte kvarandre i medgang og i motgang, så dei kan ta imot kvar dag med forventning og glede. Velsign *denne heimen/dette huset*, i Jesu namn. Amen.

Eller

L: Jesus Kristus, oppstadne Frelsar og Herre, vi takkar deg for at du har sigra over synda og døden. Vi bed for *denne heimen/dette huset (e.l.)*: Velsign *heimen/huset* med ditt nærvær og vara dei frå alt vondt. Ta bort det som skapar uro og angst på denne staden og lat din fred, som går over all forstand, kvile over dei som *bur her/held til her*. Herre, høyr vår bøn.

Presten eller ein annan kyrkjeleg medarbeidar kan i tillegg be ei fri bøn som passar til situasjonen. Også dei som høyrer til i huset kan be bønner, og saman med bønene kan ein tenne lys og det kan vere stille. Til dømes kan ei av desse bønene frå Bøneboka nyttast:

ML: Verna meg, Gud, for eg søkjer tilflukt hos deg. (Salme 16,1)

Eller

ML: Av hjartet søkjer eg tilflukt
hos den høgste Gud,
som har skapt alle ting,
miskunnsame Far, all nådes og miskunns kjelde.

Av hjartet søkjer eg tilflukt hos Kristus,
vår Forløysar, som atterreiser alle ting,
det fullkomne og uutgrundelege ordet frå Gud.

Av hjartet søkjer er tilflukt hjå han som fyller alt i alle,
som høyrer våre bønner,
den reine, stille, Heilage Ande.

Etter kinesisk liturgi, utforma av Karl Ludvig Reichelt (1877-1952)

ML: Herre, eg bind meg i dag til di makt.
Du held meg, du leier.
Du vaktar, lyder til min trong.
Du lærer meg visdom.
Ditt skjold vernar, ditt ord opnar min munn.
Din hærskeare forsvare meg.

Kristus hos meg og i meg,
bak meg og framfor meg,
ved sida mi.
Kristus som vinn meg,
som reiser meg opp.
Kristus under meg og over meg,
hjå meg i fred og fare.
Kristus i hjarta til dei som elsker meg,
i orda frå alle ukjende,
i orda frå dei som står meg nær.

St. Patricks brynje – etter dikt frå 700-talet tillagt St Patrick (389-461)

Eller

ML: Herre, gjer mitt liv til bøn.
Alt eg gjer, ber til deg:
- Når eg opnar ei dør, ber eg om
at du må opna hjartet mitt og bu hos meg.
- Når eg vaskar klede, ber eg om
at du må reinsa meg og tilgje meg mi synd.
- Når eg skriv brev, ber eg om
at du må tala til meg om di sanning.
- Når eg tenner eit lys, ber eg om
at du må leia meg til gode gjerningar
så eg kan lysa opp vegen til deg for andre.
- Når eg vatnar blomar, ber eg om
at du må fylla meg med åndeleg regn

som skaper fornying og vekst i livet mitt.

- Når eg kokar tevatn, ber eg om
at du må tena eld i mitt indre så eg alltid
kan tena deg med varme for andre.

Ei ukjend kinesisk kvinne

Deretter følgjer:

A: Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Eller

A: Fader vår, du som er i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlèt våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

Det er også høve til å bruka Fadervår etter 1920-liturgien.

7 Velsigning

L: Ta imot velsigninga.

L: Herren velsigne deg og vare deg.
Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. †

A: Amen.

Eller

L: Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle! †

A: Amen.

Eller

L: Herren vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. †

A: Amen.

Etter velsigninga kan alle som er til stades svare ”Amen” og/eller teikne seg med krossteiknet.

8 Salme

Salmen kan utelatast.